



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 24.10.2012
Møtetid: 15:00 - 18.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegar Hope	Eva Hellevang

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann Ramsli og ass.rådmann Våge

Merknader:
Eva Hellevang (H) var ugild under sak 56/12.

Orienteringar/meldingar:	<p>Rådmannen orienterte:</p> <ul style="list-style-type: none">- om Os Skog og avvikling av avtale. Det er tatt ut stemning om oppløysing av avtale.- om kampanje (fylkesmannen) for hindra miljøforureining og fjerning av bilvrak. Kommunen har gjennomført tiltak i samsvar med kampanjen. Det har m.a. gjort at kommune har måtte fjerna vrak etter fleire meldingar til eigar. Formannskapet var samd med rådmannen i at rekninga for arbeidet skal vidaresendast forureinar. <p><u>Ordførar orienterte:</u></p> <ul style="list-style-type: none">- om Kraftsenteret – Møte 24 okt. med inviterte frå Samnanger og Fusa på; - <i>Småkraft og næring</i>. Innleigd konsulent arbeider med tanke på å fortsette prosjektet også i 2013.- om møte 23.okt vedk. småkraftutbygging i Rolvsvåg og møte med grunneigarane Jan Gunnar Våge og Jan Vidar Våge og repr. for utbyggingsselskapet Blåfall.
Utvalet sitt kvarter:	<p>Øyvind Røen stilte spørsmål om status på arbeidet med Småkraftplanen</p> <p>Gunnar Bruvik stilte spørsmål om status for avtale med Hadeland for Tyssekaia</p>
Dokument utlevert i møtet:	Sakspapir knytt til ekstra sak 62/12

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 02.11.2012

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
054/12	12/622	Faste saker	
055/12	12/238	Kommunal planstrategi 2012- 2015	
056/12	11/378	Evt. kjøp av naboeigedom til sjukeheimen - gnr 26 bnr 39	
057/12	12/621	Småbåthamn Bjørkheim - avtale med Klubben Båtlag	
058/12	12/545	Inntakskabel til bustad - søknad om refusjon av kostnad	
059/12	12/339	Gebyrregulativ for Samnanger kommune for bygge- og delingssaker, plansaker og saker etter matrikkellova	
060/12	10/336	Husleige kommunale bygg	
061/12	09/507	Bir Privat - renovasjonsavgift 2013	
062/12	12/201	Kjøp av tilleggsareal til gnr 24 bnr 276 Lønnebakken – Fastsetting av pris	

SAKNR. 054/12
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

24.10.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Formannskapet vedtok samrøystes framlegg til vedtak med endring om at sak 62/12 vart teke med.

Utvalet sitt kvarter: Øyvind Røen (Sp) stilte spørsmål om status for arbeidet med Småkraftplanen. Ordførar orienterte om at arbeidsgruppa har hatt eit møte og neste møte vil vera på førstkomande torsdag. Det vert og arbeidd med ei avklaring av etisk spørsmål knytt til medfinansiering frå kraftselskap.

Gunnar Bruvik (Frp) stilte spørsmål om status for avtale med Hadeland for Tyssekaia. Ass.rådmannen orienterte om at det er sendt ei stemning. Fleire forsøk på å inngå avtale er avslått.

FORM-054/12 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med endring om at det vert teke opp ei ekstra sak.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 055/12
KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2012- 2015

24.10.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Marit Aase (Krf) ønskte at planen skulle omfatta fleire utfordringar for Samnanger, og at ein av den grunn burde senda saka attende.

Etter drøftingar i formannskapet vart det semje om at administrasjonen føretar ein del mindre rettingar før planen vert lagt ut til høyring.

FORM-055/12 VEDTAK:

Kommunestrategiplan 2012-15 vert lagt ut til offentleg høyring i 30 dagar slik den ligg føre. Administrasjonen får fullmakt til å gjera mindre rettingar.

SAKNR. 056/12
EVT. KJØP AV NABOEIGEDOM TIL SJUKEHEIMEN - GNR 26 BNR 39

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sjølv om uteområdet til sjukeheimen med føremon kunne vore større, kan ikkje Samnanger kommune prioritera midlar til å kjøpa naboeigedomen til sjukeheimen. Vedteke skisseprosjekt krev ikkje tilleggsareal og når den økonomiske ramma for prosjektet i utgangspunktet er knapp, kan kommunen ikkje prioritera kjøp av tilleggsareal.

24.10.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Eva Hellevang (H) informerte om at ho var ugild. Ho gjekk frå medan utvalet vurderte ugildskapen. Hellevang vart samrøytes funnen ugild. Det møtte ikkje vararepresentant for ho.

Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg: ”

Samnanger kommune kjøper naboeigedom til sjukeheim – gnr 26 bnr 39.

Kommunen ynskjer å sjå både denne eigedomen og dei to tidlegare innløyste eigedomane ovanfor vegen i eit overordna framtidig perspektiv i høve utviklinga i området. Både sjukeheim, helsetun og kommunale omsorgsbustader er lokaliserte her. Skisseprosjektet til nybygget slik det ligg i dag krev i seg sjølv ikkje meir tilleggsareal, men området totalt vil kunna nyttast på ein annan måte om gnr 26 bnr 39 vert innløyst. Kommunen lånefinansierer kjøpet på 2 mill. Summen skal haldast utanfor ramma ti nybygget til sjukeheimen.

Det vart røysta alternativt over rådmannen sitt framlegg som fekk 4 røyster og Aase sitt som fekk 2 røyster.

FORM-056/12 VEDTAK:

Sjølv om uteområdet til sjukeheimen med føremon kunne vore større, kan ikkje Samnanger kommune prioritera midlar til å kjøpa naboeigedomen til sjukeheimen.

Vedteke skisseprosjekt krev ikkje tilleggsareal og når den økonomiske ramma for prosjektet i utgangspunktet er knapp, kan kommunen ikkje prioritera kjøp av tilleggsareal.

SAKNR. 057/12

SMÅBÅTHAMN BJØRKHEIM - AVTALE MED KLUBBEN BÅTLAG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen avventar uttalen frå båtforeninga før det vert lagt fram tilråding.

24.10.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

I forkant av møte vart det sendt ut skriv frå Klubben Båtlag.

I møtet orienterte rådmannen om leigeavtale med kommunen. Det vart presisert at framlegg til avtale ikkje omfattar vinterlagringsplass. Lagring på land er ikkje i samsvar med vedteken områdeplan, og det må i tilfelle søkjast om dispensasjon. Naturutvalet har dette ansvaret.

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram sette fram følgjande framlegg: ”*Føresett at Klubben båtlag får dispensasjon til å leggja flytebyggja i Vågen som omsøkt, vert framlegg til avtale mellom båtlaget og kommunen dagsett 24.10.2012 gjort gjeldande for leigetilhøvet. Leigesummen skal for 2013 vera kr 5.000. Deretter skal årleg leigesum ver kr 10.000. Vinteropplag på land på kaiområdet er i strid med områdeplanen, men kommunen er innstilt på at båteigarane får ha båtane sine liggjande der komande vinter, føresett at dei får dispensasjon frå planen. Det presiserast at dette gjeld berre for denne vinteren.*”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-057/12 VEDTAK:

Føresett at Klubben båtlag får dispensasjon til å leggja flytebyggja i Vågen som omsøkt, vert framlegg til avtale mellom båtlaget og kommunen dagsett 24.10.2012 gjort gjeldande for leigetilhøvet. Leigesummen skal for 2013 vera kr 5.000. Deretter skal årleg leigesum ver kr 10.000.

Vinteropplag på land på kaiområdet er i strid med områdeplanen, men kommunen er innstilt på at båteigarane får ha båtane sine liggjande der komande vinter, føresett at dei får dispensasjon frå planen. Det presiserast at dette gjeld berre for denne vinteren.

SAKNR. 058/12

INNTAKSKABEL TIL BUSTAD - SØKNAD OM REFUSJON AV KOSTNAD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune finn ikkje å dekkja meirkostnader Lars Vidar Tveit har hatt som fylgje av endra tilknytingspunkt for el.-forsyning

24.10.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Marit Aase (Krf)** sette fram følgjande framlegg: ” *Samnanger kommune dekkjer meirkostnadene Lars Vidar Tveit har hatt som fylgje av endra tilknytingspunkt for el-forsyning* ”.

Det vart røysta alternativt over framlegga. Aase sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-058/12 VEDTAK:

Samnanger kommune dekkjer meirkostnadene Lars Vidar Tveit har hatt som fylgje av endra tilknytingspunkt for el-forsyning

SAKNR. 059/12

GEBYRREGULATIV FOR SAMNANGER KOMMUNE FOR BYGGE- OG DELINGSSAKER, PLANSAKER OG SAKER ETTER MATRIKKELLOVA

24.10.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Bright Olav Gåsdal (Ap)** sette fram følgjande framlegg: ” *Gebyrregulativ for Samnanger kommune for bygge- og delingssaker dagsett 24.10.12, vert vedteke slik dei ligg føre.* ”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-059/12 VEDTAK:

Gebyrregulativ for Samnanger kommune for bygge- og delingssaker dagsett 24.10.12, vert vedteke slik dei ligg føre.

SAKNR. 060/12

HUSLEIGE KOMMUNALE BYGG

24.10.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Fellesframlegg:” *Husleigene i kommunale bygg vert vedtekne slik dei ligg føre i saksutgreiinga.*”

Samrøystes vedteke.

FORM-060/12 VEDTAK:

Husleigene i kommunale bygg vert vedtekne slik dei ligg føre i saksutgreiinga.”

SAKNR. 061/12

BIR PRIVAT - RENOVASJONSAVGIFT 2013

24.10.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram framlegg i tråd med styret i BIR si oppfordring.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-061/12 VEDTAK:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av kommunen. Jmfr. § 11 i forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.
2. Satsane på renovasjonstenestene vert i 2013 reduserte med 3,7 % i høve til 2012. Ny sum for ein minimumskunde vert då kr. 1.520,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår + eit tillegg på kr.27,- pr. restavfaltømming ut over dette. I tillegg kjem bossnett påslaget på kr. 120,- pr. bueining. Alle prisar er eks.mva.

***** TILLEGGSSAKER *****

SAKNR. 062/12

KJØP AV TILLEGGSSAREAL TIL GNR 24 BNR 276 LØNNEBAKKEN - FASTSETTING AV PRIS

24.10.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Saka vart orientert om i møte.

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Tilbod om kjøp av tilleggsareal til g.nr 24, b.nr 276 vert stadfest slik det er gjeve i skriv frå Samnanger kommune dagsett 22.03.2012.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegget.

FORM-062/12 VEDTAK:

Tilbod om kjøp av tilleggsareal til g.nr 24, b.nr 276 vert stadfest slik det er gjeve i skriv frå Samnanger kommune dagsett 22.03.2012.

